

## ÅRSMELDING 2016

# BRUKARUTVALET I HELSE BERGEN

---

## Samansetjing av utvalet f.o.m januar 2015 t.o.m desember 2016

<b>Faste medlemmar:</b>
Inge Aareskjold Fiskvik, FFO, leiar
Magnus Mjelde, Kreftforeningen, nestleiar
Svein Nord Kristiansen, FFO
Bente Orlén Westervik, FFO
Anniken Kvaal, FFO
Kirsten Eikanger Mjelde, FFO
Hjørdis Dahle, SAFO
Ida Carlsen Eide SAFO
Margot Bertheussen, Fylkeseldrerådet
Inger Lise Kjeksrud, RIO

<b>Varamedlemmar:</b>
1. Jorunn Gjerken, FFO
2. Torill Irene Haara, FFO
3. Erling Jacobsen, FFO
4. Karl Peder Henriksen, FFO
5. Dag Einar Liland, FFO
1. Ulrikke Amundsen Tranberg, SAFO
2. Ingeleiv Haugen, SAFO
Nils Haugland, Kreftforeningen
Monrad Reigstad, Fylkeseldrerådet
Hilde Otteren, RIO

FFO: Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon  
SAFO: Samarbeidsforum Av Funksjonshemmedes Organisasjoner  
RIO: Rusmisbrukernes interesseorganisasjon

#### Frå administrasjonen

Anne Sissel Faugstad, viseadministrerende direktør,  
Administrativt ansvarleg for utvalet  
Magne Høgelid, Rådgjevar, seksjon for helsetenesteutvikling/  
Sekretariat for utvalet

## **Oppgåver og aktivitetar**

Brukarutvalet har halde 10 møter og har pr. d.d. handsama 87 saker i 2016.  
Det har også i 2016 vore stor aktivitet i Brukarutvalet.

Det er utarbeidd prosjektoversikt som følgjer årsmeldinga og som viser aktuelle prosjekt med brukarmedverknad pr. november 2016.

Det er pr. november 2016 pågåande 50 arbeidsgrupper, prosjekt, program eller utval der det er brukarmedverknad. Viktige felt er psykisk helse og samhandling med kommunane kor det er deltaking frå brukarane i til saman 36 utval eller prosjekt/arbeidsgrupper. Brukarutvalet har representantar i alle dei 4 samarbeidsutvala, som kvar har minst 4 møter årleg. Det har i 2016 også vore arbeid særskild mykje med:

- ❖ Framtidig brukarmedverknad i Helse Bergen
  - Oppstart av ungdomsråd
  - Oppstart av erfaringspanel psykisk helse
  - Ressursgruppe for utarbeiding av handlingsplan for brukarmedverknad
- ❖ Etikk og kommunikasjonsprogrammet
- ❖ Retningslinjer for brukarmedverknad inn i forskingsprosjekt

## **Status for Brukarmedverknad i Helse Bergen**

Viseadm. direktør møter på dei fleste møta og held Brukarutvalet godt orientert om aktivitetar og planar i verksemda. Ved andre høve har divisjonsdirektørar halde orienteringar. Det har vore ein god dialog mellom føretaksleiinga og brukarutvalet.

Frå den nye oppnemninga i 2015 har også ein brukarorganisasjon innanfor tverrfagleg spesialisert rushandsaming representasjon i Brukarutvalet. Dette har gitt utvalet ein ny dimensjon og kompetanse i arbeidet med brukarmedverknad. Det vil vere viktig å heve fokus på god representasjon og medverknad frå brukarar og pårørande inn i pågåande arbeid i dette feltet.

Det har også i 2016 vore fokus på vidare utvikling av brukarmedverknad i Helse Bergen. På starten av året hadde Ungdomsrådet sin oppstart i føretaket, med oppstartshjelp frå

Brukarutvalet. Leiar av Ungdomsrådet er også vararepresentant i Brukarutvalet, og har nytt godt av sin erfaring herifrå til sitt nye verv. Det har vore særst gledeleg å sjå den aktivitet Ungdomsrådet har hatt i sitt første år, og også den merksemd rådet har fått ut i føretaket. Eit auka fokus på unge pasientar og pårørande har vore viktig både for gruppa og personar som arbeider innanfor og opp mot Helse Bergen. På same måte har erfaringspanelet innanfor psykisk helse vore oppretta innanfor divisjon psykisk helse frå 2015. Det har vore viktig for Brukarutvalet å sikre at ein ikkje får ei oppstyking av brukarmedverknaden, men at dei nye råda skal gje både brukarar og føretaket eit utvida tilbod. Ein ynskjer å oppnå ein meir effektiv og heilskapleg medverknad, og samtidig ha brukarutvalet som eit sentralt nav i arbeid inn mot brukarmedverknad, særskild på systemnivå.

### **Utfordringar**

Det er framleis viktig å arbeide vidare med å sikre brukarmedverknad i alle prosjekt som har konsekvensar for brukarane både direkte og indirekte. Det er vidare eit kapasitetsspørsmål for medlemmane i Brukarutvalet. Auka etterspurnad etter brukarrepresentantar krev fleire hendar inn i arbeidet, og auka ressursbruk vil måtte forventast også for føretaket. Brukarutvalet, gjennom leiar og nestleiar, har heile tida halde kontakt mellom Brukarutvalet og dei einskilde interesserorganisasjonane. I mange prosjekt er det naturleg å nytte den spesialiserte kompetansen som medlemmane av einskildorganisasjonar har. Det er Brukarutvalet som avgjer kva type representasjon som trengs og som held kontakt med paraplyorganisasjonar eller einskildorganisasjonar for å skaffe rette person. Mykje tid går til å sikre at aktuelle prosjekt blir melde inn til utvalet i samsvar med gjeldande retningslinjer. Ein har også opplevd at brukarrepresentantar ikkje har vore jambyrdig med andre inn i prosjekt. Ei god bruk av våre ressursar krev at vi får same tilgang til informasjon som alle andre representantar inn i prosjekt. Prosjektarbeidet mot ny handlingsplan for brukarmedverknad som er starta opp krev prioritet, og må sørgje for auka kjennskap i heile føretaket for brukarmedverknad også på systemnivå.

Det er ei felles utfordring for føretak og brukarar å bidra til vidare utvikling av brukarrolla og korleis befolkning og pasientar skal kunne bidra til oppfyljing av intensjonane i samhandlingsreforma, der eiga læring og meistring står sentralt. Brukarutvalet vil framleis strekke seg for å kunne medverke i tenesteutforming gjennom plan- og utviklingsarbeidet og saman med føretaksleiinga sørgje for eit sjukehus orientert rundt pasientar og pårørande der brukarstemmen kjem til orde og har ei plattform.

### **Kurs og seminar**

Brukarutvalet er blitt brukt som føredragshaldarar på til dømes fagdagar for avdelingar, både på Haukeland og på Voss sjukehus og med jamne mellomrom inn i Lærings- og meistringskurs med fokus på pasient- og pårøranderolla. Det har i liten grad vore mogleg å bruke ressursar på å sende utvalsmedlemmar på kurs eller seminar då dei økonomiske midlane er brukt på honorering av prosjektdeltaking.

### **Rekneskap**

Frå 2016 har brukarutvalet hatt eige budsjett. Både kostnader for ungdomsrådet og Brukarutvalet skal dekkes av dette. Ein stadig auke i deltaking inn i prosjekt og hyppig møteverksemd for fleire prosjekt har igjen ført til ei stram styring av ressursane til rådvelde. Det har vore prioritert å vektlegge arbeid inn i prosjekt som er særskild aktuelle og relevante for brukarar og pårørande. Ein ser at ei framtidig styrking av Brukarutvalet sitt budsjett vil

vere naudsynt om føretaket skal prioritera ein styrka brukarmedverknad og fokusere mot dei nasjonale måla som ligg med pasientens helseteneste.

Budsjett			546 988
Kostnader:	2014 (nov)	2015(okt)	2016(okt)
Møtegodtgjersle m/ reiser	195 000	353 000	
Andre kostnader			
Møter, kurs, seminar	23 000	42 000	
Ungdomsrådet			
Totalt	218 000	395 000	464 689

Bergen 28.11.2016

Inge Aareskjold Fiskvik  
 Leiar av brukarutvalet i Helse Bergen